



# Kva skal kvinna, barnet og mannen heite?

*Kjønna namnelover i Noreg frå 1923 til 2003*

## Gendered name laws in Norway between 1923 and 2003

Line Grønstad

*Forskar og prosjektkoordinator for SAMLA, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen*

Ph.d. 2020

[line.gronstad@uib.no](mailto:line.gronstad@uib.no) / [linegronstad@gmail.com](mailto:linegronstad@gmail.com)

### Samandrag

Fram til tidleg på 1900-talet rådde eit stort mangfald i namnepraksisar i Noreg. I artikkelen undersøker eg korleis forståingar av kjønn har vore med på å forme namnelovene våre, frå den fyrste i 1923 til den gjeldande lova frå 2003. Ved å lovfeste etternamnspraksisar frå dei øvre klassene i samfunnet søkte staten einsretting. Alle skulle no ha faste etternamn, menn skulle halde på oppvekstnamnet gjennom livet, kvinner endre i ekteskap, og barn få faren sitt. Snart fekk praksisane i lova ein eim av tradisjon ved seg, parallelt med krefter som tala for auka valfridom, særleg for kvinner. Etternamnsval for menn vart diskutert innanfor rammene av slektslinjer og namnevern. Etternamnsval for kvinner vart diskutert innanfor ramma av kjernefamilien. Slik førte endring av etternamn for kvinner til ei positiv skaping av noko nytt, medan endring for menn skapar brot. Lovene endra seg i perioden, til den nyaste lova, frå 2003, som kombinerte ideal om fridom til å velje namn ut frå andre namneskikkar enn dei norske, med ideal om parforhold og kjernefamilie gjennom at sambuarar, både samkjønna og tokjønna, kan byte namn på tilnærma like vilkår som gifte par.

Nøkkelord

etternamn, kjønn, lovverk, 1900-talet, Noreg

### Abstract

A variety of Norwegian surname practices existed prior to 1900. A need in society to organise surname choices led to the first naming law in 1923, when the surname practices of the upper classes became mandatory for all. In the article I discuss how understandings of gender shaped the naming laws from 1923 and onwards to the current law in 2003. To begin with, surnames could no longer change across life for men, women had to take their husband's surname, and children acquired their father's surname. These practices, mandated by law, soon took on the air of tradition even though knowledge of other practices existed. Men's surnames were discussed within the framework of family lines and name protection, and men's name changes broke with the existing order. The use of women's surnames was discussed within the framework of the nuclear family and the creation of something new. The naming laws have developed, and the current law, from 2003, combines ideals of freedom and ideals of coupling and nuclear families with a broad understanding of equality.

Keywords

surnames, gender, law, 20th century, Norway

## Introduksjon

Alle i Noreg har namn. Korleis ein har fått namna, har variert, og har vore påverka av mellom anna kjønnsstilhøyrsla til beraren. Føremålet mitt er å presentere framveksten av, og endringar i, lovverket på etternamn i Noreg, sett frå eit kjønnsperspektiv. Dei faste etternamna, altså etternamn som blir førte vidare til neste generasjon, vaks fram av behov i offentleg verksemd, kombinert med organisering av arv og eigedom. Personar i slike posisjonar har gjerne vore menn, noko som har prega historieskrivinga om namn.<sup>1</sup> Slik kan endringar til ein viss grad spegle kvinner si varierende avhengigheit av menn.<sup>2</sup> I den grad kjønns har spela inn i historieskrivinga knytt til namneval, har det handla om korleis kvinner sine moglegheiter skilde seg ut frå norma basert på menn. Etternamnspraksisar for og blant kvinner blir dermed gjerne skildra i egne kapittel eller underkapittel,<sup>3</sup> i egne artiklar,<sup>4</sup> og i bøker som spesifikt fokuserer på avgrensingar for kvinner og deira oppvekstnamn.<sup>5</sup> Det er gjort lite systematisk arbeid på ein gjennomgang av dei norske lovene knytt til kjønns. Eit unnatak er namnegranskaren Ivar Utne sin artikkel «Gifte kvinners etternavn, slektsnavn og mellomnavn» frå 2002, som utelet menn. Heller ikkje i større, overgripande verk som tar føre seg praksisar og lovverk der kvinner og menn som grupper blir behandla ulikt, er namnelovene omhandla. Det gjeld til dømes oversiktsverka *Norsk likestillingshistorie 1814–2013*<sup>6</sup> og *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*<sup>7</sup>. Eit viktig unnatak her er *Inte ett ord om kärlek*, som tar føre seg debattar og lovverk knytt til ekteskap og familieskaping i dei nordiske landa, der namnelovene er med.<sup>8</sup> Fokus i den etablerte forskinga knytt til likestilling mellom kjønna har vore på tema som høve til stemmerett, tilfredsstillande arbeidsforhold og spørsmål om familie og familieplanlegging. Desse tematikkane rører ved den enkelte sitt daglegliv og har praktiske konsekvensar for menn og kvinner sine moglegheiter. Endring over tid i tilknytning til arbeidslivet kan skuldast endring i haldning til likestilling mellom kjønna, men kan også skuldast praktiske omsyn, som til dømes behov for fleire inntekter. Auken i tid menn brukar på husarbeid, kan også henge saman med kvinner si arbeidstid.<sup>9</sup> Namneval har færre praktiske konsekvensar for organisering av dagleglivet. Slik kan det argumenterast for at nett ulike valmoglegheiter i namnelovgjevinga og ulike namneval i parforhold på gruppenivå kan seie noko om haldningar til likestilling på eit symbolsk nivå.<sup>10</sup>

Spørsmåla eg søker å svare på i denne artikkelen, er: Kva slags tema har vore sentrale i diskusjonane rundt etternamnsval i parforhold? Korleis har dei juridiske rammene for namneval vore kjønna? Kva fortel endringar i tema og juridiske rammer om verdiar knytt til etternamna?

Kjeldene mine er historiske tekstar som forarbeida til lovforslaga, diskusjonar i Lagting og Odelsting, og tekstar som drøftar lovene i samtida. Eg har sett etter uttrykk for korleis kategoriane menn og kvinner kjem til synes i dokumenta. Her ligg eg tett på empirien, og eg avgrensar meg til dei norske namnelovene. Lovarbeida kan sjåast som punkt der haldningar og kulturelle praksisar vart artikulert. Sjølv om lovverket speglar haldningar og praksisar blant

1. Til dømes Hanks 2003; Ryman 2007; Utne 2001, 2002, 2003a, 2003b; Wilson 1998.

2. Brylla 1998.

3. Til dømes Entzenberg 2006; NOU 2001: 1: 67; Utne 2003b: 20; Wilson 1998.

4. Til dømes Brylla 1998, 2007, 2010; Entzenberg 2005; Utne 2002.

5. Til dømes Lebell 1988; Miller & Swift 1977; Stannard 1977.

6. Danielsen, Larsen & Owesen 2013.

7. Hagemann mfl. 2020.

8. Melby mfl. 2006.

9. Hamilton, Geist & Powell 2011.

10. Hamilton, Geist & Powell 2011; Phillips 2004.

dei øvre klassene i samfunnet, legg eg til grunn at namnelover og debattar rundt namnelovene reflekterer visse haldningar i samfunnet.<sup>11</sup> Samstundes er det ikkje slik at lovene alltid speglar samfunnet. Til dømes kan ulikestilling i parforhold halde fram også der gjeldande lovverk er kjønnsnøytralt.<sup>12</sup>

## Den fyrste namnelova i 1923

I tiåra rundt 1900 var det mange i Noreg som flytta til byane. Det vart vanskelegare å kunne skilje alle innbyggjarane frå kvarandre, i ein periode der stadig fleire institusjonar hadde behov for dette.<sup>13</sup> I lovarbeidet for den fyrste namnelova nyttast følgjande sitat for å illustrere behovet for ordna namneforhold:

Man kan saaledes ofte paa en og samme Dag se en Person underskrive sig først Nils Olsen og saa Nils Pedersen. Og Enker og gifte Koner varierer med 4 Navne respektive efter Far, Bedstefar, Mand og Svigerfars Fornavn. Hvis Maren er Datter av Hans Nilsson og gift med Per Jenssøn, kalder hun sig vexelvis Maren Hansdatter, Hansen, Nilssen, Persen og Jensen.<sup>14</sup>

Mange heitte det same, og mange nytta ulike namn ved ulike høve. Ikkje minst førte dette til problem for offentlege institusjonar som folkeregister (Kristiania Kommunale Folkeregister kom i 1905), kemner, politi og fattigvesen. Bankvesen og kredittsystem var andre institusjonar som vaks fram i same periode, og som hadde behov for å halde styr på kven som var kven. Behovet for orden var eit klassespørsmål. Dei som søkte orden, hadde faste etternamn, medan dei som vart søkt ordna, hørte til lågare sosiale grupper. Før den fyrste namnelova kom i 1923, vaks det fram ein rettspraksis på namnerettsområdet, som juristen Carl Sophus Thomle viser i ein gjennomgang av rettssaker frå 1891 til 1923.<sup>15</sup> Retten til å ha eit fast etternamn som kunne vise til ein avslutta slektskrins, vann tidleg fram. Det faste etternamnet vart etter kvart etablert som eit beskytta rettsgode som ein trong kongeleg bevilling til å få om ikkje etternamnet var «fra fædrene nedarvede».<sup>16</sup> Slekta vart organisert etter den mannlige ættelinja, og mannen var familieoverhovud med kone og barn underlagt seg. Idear om slektskap gjennom kvinnelinjer fanst i samfunnet, men det etablerte seg ein rett der berre dei mannlige linjene kunne nytte etternamnet.<sup>17</sup> I ei tid der kvinner fekk auka sjølvråderett gjennom lik rett til arv (1854), stemmerett (1913) og til å råde over eiga inntekt og formue (1927), mista dei retten til å føre vidare oppvekstnamnet.

Det utvikla seg altså ein rettspraksis på etternamnsbruk, men namneretten trong vern av eit lovverk. I 1902 la Venstre-regjeringa fram ein proposisjon til lov om slektsnamn for Stortinget der namnevernet stod sentralt.<sup>18</sup> Lova vart utsett og ikkje tatt opp att før 20 år seinare. I 1923 kom namnelova og følgde prinsippet om privatrett til namnet, men innføringa av faste etternamn for alle var blitt hovudføremålet, i tråd med praksis i dei fleste andre europeiske landa.<sup>19</sup> Ein hadde ikkje lenger berre rett, men også plikt til å bruke etternamnet ein

11. Sjå også Hagström 1999: 50 f.

12. Jamfør Grønstad 2020; Komter 1989; Thørnblad 2003: 124.

13. Nedreliid 2002: 132.

14. Sorenskriveren i Ringerike i skrivelse av 15. juni 1917, sitert i Justis- og Politidepartementet 1922b: 3.

15. Thomle 1931.

16. Ibid.: 2.

17. Ibid.: 3, 8.

18. Justis- og Politidepartementet 1922b: 5.

19. Ibid.: 1.

hadde fått i dåpen.<sup>20</sup> Å ha faste etternamn hadde blitt eit teikn på framsteg og modernisering for den enkelte og for staten.<sup>21</sup> Dette vart gjennomført slik at alle nyfødde fekk faste etternamn, men var elles frivillig for dei som vart fødd før namnelova tok til å gjelde.

Særleg tre tematikkar var sentrale i arbeidet med lova. Det gjaldt barna sine etternamn, gifte kvinner sine etternamn og etternamn som ein måte å halde orden på. Barna sine etternamn var regulert av dei Castbergske barnelovene, som kom i 1915. I prinsippet skulle barn ha namnet frå faren, men det var ikkje alltid rimeleg å få til. Då var mora sitt etternamn nest best. Barn fødd utanfor ekteskap fekk velje mellom faren og mora sitt etternamn. Barnelovene var ei radikal likestilling av barn fødd i og utanfor ekteskap,<sup>22</sup> og sikra rettigheter og moglegheiter for alle barn. Særleg retten til farsnamn og farsarv for barn av ugifte foreldre skapa debatt.<sup>23</sup> Samstundes som barnelovene flytta det moralske fokuset frå mora til faren, styrka det mannslinja i ein namnerettsleg samanheng. Proposisjonen til den fyrste namnelova diskuterte om alle barn burde ha eit tilsvarende val, men let vere å inkludere det i lovforslaget.<sup>24</sup> Grunngevinga var slik: «Hermed vilde man imidlertid i virkeligheten gå glipp av slektsnavnets evne til å betegne medlemmene av en bestemt ætt», og det ville kunne «bringe ennu større forvirring i navneforholdene enn der allerede hersker.»<sup>25</sup>

Ved skilsmisse kunne barn som vart verande hos mora, få kongeleg bevilling til å ta mora sitt etternamn. I ein fotnote viste Thomle til eit forslag i lovarbeidet om å fjerne denne moglegheita i lova. Grunngevinga for forslaget var at dette opna for at slutta slekter kunne brytast gjennom at «et hvilket som helst uheldig gift pikebarn» kunne føre vidare sitt eige oppvekstnamn på barn som høyrde til ei anna farssekt. Vidare, at om kvinna ønskte å ha same etternamn som barna, kunne ho halde på etternamnet til mannen.<sup>26</sup> Forslaget Thomle viser til, var eit utsegn høgremannen Herman Løvenskiold kom med i odelstingsforhandlingane om namnelova.<sup>27</sup> At Thomle siterte dette utan å vise til Løvenskiold, tyder på at det var ei vanleg haldning, om enn med eit visst partipolitisk tilsnitt. Det politiske skiljet mellom høgre- og venstresida var synleg mellom anna gjennom at venstresida la vekt på behovet for «billighetshensyn», og lova heldt fram med å opne for bruk av mora sitt etternamn for barna ved skilsmisse.<sup>28</sup>

I eit brev til Stortingets justiskomité i 1922 kom botanikaren og kvinnesaksforkjemparen dr.phil. Thekla Resvoll med fleire innspel til den føreslåtte namnelova. Eitt var at lova burde opne for bruk av mora sitt namn på barna. Dette brevet publiserte ho året etter i Norsk Kvinnesaksforening sitt tidsskrift *Nylænde*. For Resvoll var mora sitt etternamn aktuelt når faren sjølv eller etternamnet hans kunne vere til byrde for barna, til dømes ved at etternamnet har «uskjøn eller latterlig klang eller betydning», eller når faren ikkje tok seg av familien, var forbrytar eller dreiv med «drukkenskap».<sup>29</sup> Det fanst altså alternativ i det politiske og offentlege ordskiftet til bruken av faren sitt etternamn som einaste moglege etternamn, men frå 1923 vart praksisen med bruk av faren sitt etternamn lovfesta. Barn fødd utanfor ekteskap kunne velje mellom mora og faren sitt.

20. Thomle 1931: 4.

21. Alford 1988: 143.

22. Haavet & Wærness 2015: 247.

23. Haavet & Wærness 2015: 246; Nagel 2015: 251.

24. Justis- og Politidepartementet 1922b: 8.

25. Ibid.

26. Ibid.: 75.

27. Stortingsforhandlinger 1923: 99.

28. Sitat frå Henrik Roardsen Spangelo (Frisinna Venstre), *ibid.*: 109.

29. Resvoll 1923: 42.

Kvinnene sjølve skulle få etternamnet til mannen ved vigsel, både i forslaget frå 1902, og frå 1922.<sup>30</sup> Det var ikkje «naturlig eller hensiktsmessig at mann og hustru fører forskjellige slektsnavn», stod det i Justiskomiteen si innstilling til namnelova i 1922.<sup>31</sup> Den borgarlege kjernefamilien med mannen som overhovud og kvinna som heimeverande fungerte som modell for namnelova, symbolisert gjennom namnet. Men det var også andre røyster i debatten, som Resvoll demonstrerte. Som yrkeskvinne minna ho om behovet kvinner kunne ha for å halde på oppvekstnamnet om dei var kjend under dette namnet.<sup>32</sup> Vidare meinte ho at identifisering av personar, eit av føremåla med lova, ville bli vanskelegare dersom gifte kvinner endra namn.<sup>33</sup> Ho viste til at kvinner, også borgarskapskvinner, gjennom tidene var kjende under oppvekstnamnet, og at kvinner blant bøndene framleis ofte heldt på oppvekstnamnet. Resvoll foreslo difor å gjere det valfritt for kvinner å halde på eller byte etternamn.<sup>34</sup> Sjølv heldt ho på oppvekstnamnet sitt då ho gifta seg i 1895. Også tidlegare nemnde Thomle viser til «den friere stiling, hustruen nu indtar i egteskapet baade formueretslig og i andre henseender», som argument som tala for valfridom for kvinner.<sup>35</sup> Som nemnt fekk kvinner stemmerett i 1913, og rett til å styre over eigen formue i 1927. Ein viss ironi kan sporast i at bakgrunnen for den kontinentale skikken med bruken av mannen sitt oppvekstnamn for kvinna i ekteskap var at ho gjekk inn som del av hans hushald og dermed mista retten til å styre over eiga formue.<sup>36</sup>

Argumenta mot å la kvinner halde på oppvekstnamnet vann fram på Stortinget. Det forklarte Thomle med at det ville «stride for meget mot nedarvet tænkesæt, og let føre til forvirring og forveksling i familieforhold».<sup>37</sup> I staden fekk kvinner høve til å søke om kongeleg bevilling til å få tilbake oppvekstnamnet etter vigselen, om dei i forkant av ekteskapet var kjent som forfattar eller liknande.<sup>38</sup> Dermed kom lovgjevarane i alle fall delvis argumenta til Resvoll og kvinnesaka i møte. Kvinnene kunne uansett fritt «bruke sit slegtsnavn som ugift foran mandens»,<sup>39</sup> altså som mellomnamn. Dermed meinte både komiteen og departementet at omsynet til innvendingane var godt nok tatt vare på.<sup>40</sup> Forholda for kvinner vart altså betra på sentrale områder, men når det gjaldt val av etternamn, vart dette stramma inn, i ein periode der idealet om at kvinner skulle stelle heimen som husmødrer vart styrka, også i lågare klasser.

I ein fotnote til diskusjonane om kvinners rett til å halde på oppvekstnamnet, skreiv Thomle at mannen aldri kunne få kona sitt oppvekstnamn, sjølv ikkje der ho hadde fast etternamn og han ikkje.<sup>41</sup> Det som stod i fotnoten, var opplagd, men også naudsynt å presisere. Mannleg etternamnsendring var tenkeleg, men berre som eit marginalt fenomen som kunne avfeiast.

Føremålet med den fyrste namnelova var todelt: å gjere det lettare å halde orden på enkeltindivida og å beskytte etternamna som nemning på avgrensa familiekrinsar. Det faste etter-

30. Justis- og Politidepartementet 1922b: 3.

31. Justis- og Politidepartementet 1922a: 2.

32. Resvoll 1923: 40.

33. Ibid.: 41.

34. Ibid.

35. Thomle 1931: 38.

36. Til dømes Adams & Coltrane 2005: 240.

37. Thomle 1931: 38.

38. Ibid.: 76.

39. Ibid.

40. Ibid.: 38, 76.

41. Ibid.: 37.

namnet skulle vere felles i kjernefamilien. Den fyrste namnelova kombinerte den langvarige praksisen med å framheve slekta, med den nyare praksisen med å framheve kjernefamilien. Slik mista kvinner til ein viss grad sjølvstende i parforholdet gjennom at ho no gjekk ut av opphavsfamilien og inn i den nye kjernefamilien, der mannen si rolle som overhovud vart styrkt gjennom bruken av namnet hans.

I 1949 vart namnelova endra som følgje av endringar i ekteskapslova. I den fyrste namnelova hadde mannen ved skilsmissha hatt rett til å krevje at eks-kona vart frådømd namnet, i tråd med idealet om etternamnet som nemning på avslutta slekter. Denne retten vart no tydelegare presisert som unntak. Gerhardsen-regjeringa sin proposisjon inkluderte vurderingar om kvinner skulle få høve til å velje mellom mannen sitt og sitt eige oppvekstnamn ved starten av ekteskapet, ikkje berre ved slutten. Dette hadde likevel klare ulemper, konkluderte dei med, «idet det er fare for at gifte kvinner vil bruke mannens slektsnavn og sitt eget slektsnavn som ugift om hinannen etter som det finnes hensiktsmessig». <sup>42</sup> Kvinner fekk difor ikkje velje sjølv no heller, men lova vart mjuka opp gjennom at kvinner ikkje lenger trong å ha *særskilde* grunnar for å få løyve til å ta tilbake oppvekstnamnet etter vigselen. Dette kan også ha vore meir i tråd med praksisen som råda dei siste åra.

## Den andre namnelova i 1964

Den såkalla husmorperioden i Noreg vara frå rundt 1900 og fram til 1960-talet, og stod særleg sterkt på 1950-talet. <sup>43</sup> Kvinna sin plass i heimen med alt av arbeid det førte med seg, gjorde at også mannen sin posisjon som overhovud i familien, og dermed mannen sitt etternamn, vart framheva. Høvet til mannleg etternamnsendring vart ikkje inkludert i 1949. I eit privat lovforslag som kom sju år seinare, foreslo gardbrukar og stortingspolitikar Lars Ramndal (Venstre) at menn kunne få byte etternamn til kona sitt «[n]år en mann sammen med sin hustru overtar hennes slektsgård ved odel og vil nytte hennes slektsnavn». <sup>44</sup> I den grad menn hadde tatt kona sitt oppvekstnamn etter 1923, var det gjerne menn utan faste etternamn som hadde flytta til kona sin gard, og som hadde rett til å ta gardsnamnet frå staden dei budde. <sup>45</sup> Desse mellombelse vilkåra kombinerte behovet for faste etternamn med eldre tiders namnepraksisar der gardsnamnet fungerte som etternamn. Når alle hadde fått faste etternamn, var ikkje dette lenger mogleg, men likevel ønskeleg ved visse høve. Gaarder-utvalet, der Ramndal var med, utarbeidde forslag til ei ny namnelov i 1960. <sup>46</sup>

Faste etternamn var no i stor grad etablert for alle individ, til skilnad frå 1923. Mest framtrédande i forslaget og i diskusjonane rundt det, var kvinner sin rett til bruk av oppvekstnamnet på seg sjølv og barna. Menn sin rett til å endre vart også debattert. Behovet for orden handla i særleg grad om kjernefamilien som relevant eining. At denne eininga var organisert rundt mannen, vart jamt over tatt for gitt. Den største striden stod om etternamna til den oppveksande slekta. Utvalet la fram forslag om at barna kunne velje mora sitt oppvekstnamn uansett om ho brukte det sjølv eller ikkje, eller var gift med faren. Dette var i tråd med ønsket om større namnevariasjon i befolkninga. <sup>47</sup> Sidan Gaarder-utvalet søkte å likestille

42. Utne 2003b: 20.

43. Danielsen 2002: 12.

44. Ramndal 1956.

45. Utne 2003a: 105.

46. Gaarder mfl. 1960. Utvalet var leia av høgsterettsdommar Karsten Gaarder, og øvrige medlemmar var Gustav Sverdrup-Thygesen og Gerd Nilsen.

47. Gaarder mfl. 1960: 14.



barn fødd i og utanfor ekteskap, meinte fleirtalet i utvalet at barn logisk sett burde få namnet mora nytta ved fødselen. Likevel konkluderte utvalet slik: «En regel om at barnet alltid vil få morens navn vil imidlertid virke fremmed, og da det nå og i fremtiden vel vil være slik at det overveiende antall barn vil komme til å bære sin fars slektsnavn, er det naturlig å legge loven opp til dette som hovedregel.»<sup>48</sup>

Ifølgje 1923-lova kunne barna berre få oppvekstnamnet frå mora om alle som brukte det, gav løyve, fordi det braut mannslinja. Gaarder-utvalet viste til at etternamnet som merke på farslekta hadde blitt til «festnet tradisjon», og eit brot med dette ville vere ei «ulempe».<sup>49</sup> Men ulempa var like stor om ein ønskte å vite kva morslekt barnet kom frå. Den festna tradisjonen var heller ikkje «særlig gammel eller unntaksfri».<sup>50</sup> No vart lovutkastet sendt på høyring, og høyringssvara vart attgjeve i sakspapira. Likestillingsorienterte kvinneforeiningar som Norsk Kvinnesaksforening var i favør av forslaget mellom anna fordi tilgangen til å bruke mora sitt oppvekstnamn kunne føre til «et riktigere syn på begge foreldrene som likeverdige i slektsmessig henseende».<sup>51</sup> Sidan få ville komme til å nytte seg av det, var ei lovending heller ikkje til fare for den rådande samfunnsstrukturen, noko Norske Kvinners Nasjonalråd trakk fram i høyringssvaret sitt.<sup>52</sup>

Som ansvarlege for å føre oversikt over namn ved dåpen, og for den kyrkjelege orden i samfunnet, var representantar for kyrkja relevante aktørar i namnespørsmålet. Til dømes meinte biskopen i Oslo at det ikkje var ønskeleg å vende tilbake til «de rotete forhold» som rådde før den fyrste namnelova vart innført, og at «det teoretiske prinsipp om manns og kvinnes likestilling» i for stor grad prega utvalet sitt forslag.<sup>53</sup> Biskopen i Tunsberg såg føre seg korleis barn i same søskenflokk kunne komme til å ha ulike etternamn «i det samme hjem! [sic]», og dermed risiko for oppløysing av «selve familiefornemmelsen, sansen for samhörighet i hjemmet».<sup>54</sup> Lovutøvarane ved Den Norske Dommerforening meinte at den eksisterande lova fungerte godt som ho var, og at det ikkje var naudsynt med ei ny lov.<sup>55</sup> Den Norske Sakførerforening var av same mening, men meinte vidare at utkastet til namnelov som utvalet kom med, var «[h]elt i strid med: Norsk Tankegang; Norsk Rettsfølelse og gjennom generasjoner så vel av domstoler, departement som Storting fastslåtte rettsregler; Norsk Slektfølelse og Norsk Tradisjon [sic]».<sup>56</sup> Namnelova, som hadde sitt opphav mellom anna i ønske om å rydde opp i uoversiktlege namneforhold, vart altså av representantar for lovførtolkarane tatt til inntekt som tradisjonsberar, der tradisjonen svara til bruken av mannslinja. Konklusjonen på innspela, og dermed resultatet for lova, vart at barn fødte i og utanfor ekteskap framleis fekk kvar sin paragraf. Barn fødte i ekteskap fekk faren sitt etternamn, medan barn fødd utanfor ekteskap fekk mora sitt. Tanken om likestilling av barn var tenkt, men haldninga til kva som utgjer tradisjon og relevant slektslinje, gjorde at det framleis var naudsynt å skilje mellom barna.

Spørsmålet om kva kvinner kunne heite, var det andre store spørsmålet i debatten. Gaarder-utvalet meinte at sidan kvinner og menn var juridisk likestilte i ekteskap mellom anna med tanke på formueforhold, burde kvinner sjølve kunne velje om dei ville halde på eller

48. Ibid.: 21.

49. Ibid.: 13.

50. Ibid.

51. Norsk Kvinnesaksforening i Justis- og politidepartementet 1962-1963: 9.

52. Ibid. Norske Kvinners Nasjonalråd var ein paraplyorganisasjon for norske kvinneorganisasjonar.

53. Ibid.: 10f.

54. Ibid.: 11.

55. Ibid.

56. Ibid.: 15.

endre oppvekstnamnet når dei gifta seg.<sup>57</sup> Kvinner som ønskte å halde fram med å bruke oppvekstnamnet, «finner det støtende eller iallfall upraktisk at de skal være nødt til først å få mannens slektsnavn og deretter måtte søke om offentlig tillatelse til å få tilbake det navn som etter deres oppfatning er deres eget og egentlige slektsnavn».<sup>58</sup> Utvalet foreslo difor at det skulle vere nok å melde frå i forkant av vigselen om at brura ikkje skulle byte.<sup>59</sup> Høvet til å velje å halde på oppvekstnamnet kunne slik sett vere med på å styrke kvinna sin posisjon i kjernefamilien, og dermed oppvurdere innsatsen hennar som husmor. Men det kunne også vere eit teikn på at husmoridealet slo sprekker, og opne for at kvinner i større grad kunne ha eit sjølvstendig liv utanom heimen.

Norske Kvinners Nasjonalråd, Norsk Kvinnesaksforening og Norske Kvinnelige Akademikerers Landsforbund uttrykte alle semje med ei meir likestilt ordning for kvinner.<sup>60</sup> Innvendingane mot å utvide kvinner sine namnerettigheter likna dei som vart nytta mot at barn skulle kunne bruke mødrene sitt etternamn. Idealet om ein kjernefamilie namngjeve med mannen sitt oppvekstnamn stod på 1960-talet framleis sterkt. Sakførerforeningen meinte at synet på kvinners likestilling ikkje hadde endra seg nemneverdig sidan 1949.<sup>61</sup> Det at få gifte kvinner hadde søkt om å få tilbake oppvekstnamnet, vart også nytta som argument for at kvinner fann det naturleg å byte. Dessutan, meinte Sakførerforeningen, var den dåverande praksisen fleire hundre år gammal.<sup>62</sup> Denne selektive forståinga av historia seier noko om at det var mykje som stod på spel. Praksisen vart framstilt som tradisjon, og hadde blitt konstruert med eit element av institusjon i seg. Slike prosessar har kulturforskar Zygmunt Bauman forklart som oppfatninga om at det ikkje er noko ein kan gjere for å endre institusjonane ein har arva. Vidare at ei eventuell tukling med denne arven kunne føre til utenkelege katastrofar.<sup>63</sup> Eller «kaos», som Fylkesmannen i Oslo og Akershus kalla resultatet dersom lova skulle opne for at kvinner kunne halde på oppvekstnamnet sitt i ekteskapet.<sup>64</sup>

Ei av innvendingane mot at kvinner skulle kunne velje etternamn sjølv, kom frå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag. Her kritiserte ein forslaget fordi det gjorde at kvinner var «friare stillet» enn menn, som måtte vise til «en ganske særlig tilknytning» til kona sitt etternamn for å få det, og konkluderte slik: «Hvis adgangen til å velge navn skal sies å være en retting for den som foretar valget, er man ved forslaget gått ut over hensynet til kravet om likestilling.»<sup>65</sup> At kvinner skulle ha enklare tilgang til å velje mellom opphavleg etternamn og mannen sitt, ville vere diskriminerande overfor menn sidan menn ikkje fekk same høve til å velje.

Som fylkesmannen i Nord-Trøndelag peikar på, vart nettopp menn sine høve til å velje kona sitt etternamn diskutert av utvalet og i den politiske prosessen på Stortinget, i tråd med lovforslaget til Ramndal frå 1956. Fleirtalet i Gaarder-utvalet meinte at menn og kvinner burde ha lik rett til å velje etternamn. Norsk Kvinnesaksforening, som den einaste av kvinnesaksforeiningane, uttrykte at det var positivt at også menn kunne endre namn.<sup>66</sup> At ikkje fleire av kvinnesaksforeiningane skreiv noko om menn sine eventuelle høve til endring av

57. Gaarder mfl. 1960: 14.

58. Ibid.: 16.

59. Ibid.

60. Justis- og politidepartementet 1962-1963: 22-23.

61. Ibid.: 23.

62. Ibid.: 24.

63. Bauman 1998: 17.

64. Justis- og politidepartementet 1962-1963: 23.

65. Ibid.

66. Ibid.: 26.



etternamn, seier noko om at det var kvinner sine behov for å halde på oppvekstnamnet som var sentralt. At menn skulle kunne ta kvinner sine namn, virka kanskje både urealistisk og urimeleg i og med at kvinnene kjempa for ein rett til seg sjølve som menn allereie hadde.

Mange av argumenta mot at mannen tok kvinna sitt oppvekstnamn, likna argumenta mot bruken av dette namnet for kvinner og barn. Som ved tidlegare endringar i namnelovene vart det sett som ei utholing av rettsvernet til etternamna.<sup>67</sup> At menn kunne ønske å byte etternamn, førte vidare til mistanke om snobberi, og at det ville bli namna «av 'fin' klang» som ville veljast, slik biskopen i Oslo formulerte det.<sup>68</sup> Sakførerforeningen argumenterte med at det heller ikkje var godt nok å drive garden eller bedrifta med namnet til hennar familie for å få rett til etternamnet, sidan det var «mannen» og ikkje namnet som dreiv forretningane.<sup>69</sup> Presteforeningen meinte at likestilling ikkje var eit godt nok argument for å bryte så sterkt med tidlegare praksis, og at dei samfunnsmessige konsekvensane kunne vere store.<sup>70</sup> Kva konsekvensane ville gå ut på, kom ikkje fram i framstillinga av høyringssvara.

I Odelstinget meinte fleire, i orda til Einar Magnus Stavang (Arbeidarpartiet), at «det er naudsynleg å ha ein ventil» som gjorde at menn kunne ta kona sitt etternamn ved visse høve.<sup>71</sup> Kåre Willoch (Høgre) var positiv til Ramndal sitt opphavlege forslag om at det burde vere mogleg for menn å ta etternamnet til kona dersom dei budde på garden med hennar namn, men han såg helst at menn si endring vart avgrensa til slike tilfelle.<sup>72</sup> I Lagtinget balanserte Margit Tøsdal (Arbeidarpartiet) ideal og realisme ved å vere for likestilling for menn, «men eg trur berre at den tanken er eit noko for radikalt brot med tilvand tankegang i dag til å verta realisert».<sup>73</sup> Den tverrpolitiske semja om menn sine etternamnsendringar var avgrensa til dei tilfella som Willoch skildra. Elles var venstresida noko meir positive, medan høgresida i hovudsak ønskte å halde på rådande namnelov for menn.

Utvalet arbeidde tett med tilsvarande utval i Danmark og Sverige, og målet var å lage så like reglar som mogleg for dei tre landa. For danskane og svenskane var det ikkje aktuelt å opne for lik tilgang til å velje kvinna sitt etternamn eller for paret til å halde på oppvekstnamna. Dermed lempa det norske utvalet på sitt forslag. Menn kunne ta kona sitt oppvekstnamn, men måtte ha særlege grunnar for endring. Å vere gift med ei kvinne med namnet var ikkje tilstrekkeleg.<sup>74</sup> Formuleringa som kom inn i den endelege lova, vart som følgjer:

Utans omsyn til føresegnene i §§ 6-8 kan det gjevast løyve i følgjande tilfelle: Når det elles vert søkt om eit slektsnamn som søkjaren har ei særleg tilknytning til, og han etterviser at det er viktig for han å få namnet (§ 9.5).

Gjennom dette unnataket kunne menn for fyrste gong sidan 1923 ta kona sitt etternamn, men formuleringa var godt skjult i lovverket. Ingen søkte heller om løyve til kona sitt etternamn med bakgrunn i unnataket dei fyrste åra etter at lova vart innført.<sup>75</sup> For kvinner vart det lettare å halde på oppvekstnamnet, men det var likevel naudsynt å seie frå før vigselen.<sup>76</sup>

67. Til dømes Bondelaget og Bondekvinnelaget i Justis- og politidepartementet 1962-1963: 27.

68. Justis- og politidepartementet 1962-1963: 26.

69. Ibid.: 27.

70. Ibid.

71. Stortingsforhandlinger 1964a: 421.

72. Stortingsforhandlinger 1964a: 421-422.

73. Stortingsforhandlinger 1964b: 107.

74. Ibid.: 25.

75. Heffermehl 1968: 285.

76. Justis- og politidepartementet 1962-1963: 25.

Det var usemje gjennom heile handsaminga av namnelova av 1964. Ideen om at endringar i namnelova representerte brot med ein einsretta norsk namnepraksis, var sterk. Det kan skildrast som eit paradoks sidan namnelova frå 1923 la vekt på å få orden på det Per Lønning (Høgre) kalla «villnis av til dels selsomme navneskikker». <sup>77</sup> Proposisjonen stramma inn på ein del av forslaga som utvalet kom med, men trass diskusjonane vart lova i stor grad vedteken slik utvalet først formulerte ho. <sup>78</sup> Prinsippet om det faste etternamnet som nemning på ein avslutta slektskrins basert på mannslinja, og kjernefamilien definert som eining namngjeven med mannen sitt etternamn, stod sterkt. Det var ein vesentleg skilnad mellom diskusjonane rundt menn og kvinner sine namneval. Kvinner sine etternamn vart diskuterte innanfor ramma av kjernefamilien, der endring førte til positiv skaping av noko nytt. Menn sine etternamn hørde til slekter og namnevern, og endring førte dermed til brot.

### Kvinnefrigjering og likestillingskamp – 1970-talet

På 1970-talet hadde bevisstheita rundt manglande likestilling i namnelover og namnepraksisar auka i alle dei nordiske landa. Til liks med Noreg heldt Finland og Sverige på med endringar av namnelovene på 1970-talet. Sjølv om det denne gongen ikkje var ambisjonar om samkøying, deltok dei i felles møter med namnelovarbeidet som tema, der også danske representantar var med. <sup>79</sup> Likestilling i namnespørsmål handla framleis om kvinner sin rett til å halde på og føre vidare oppvekstnamnet, og i mindre grad om menn sine høve til å byte. I 1978 vart likestillingslova innført i Noreg. To år før, i 1976, sette Justisdepartementet ned ei arbeidsgruppe som skulle føreslå tilpassing av namnelova til likestillingslova. <sup>80</sup> Arbeidsgruppa plasserte etternamnspraksisane i ein historisk samanheng ved å skildre posisjonen til kvinner i samfunnet og i familien:

Mens man tidligere sa rett ut at kvinnen måtte ha mannens navn fordi han er hennes overhode og den som representerer familien utad, har det i de senere års navnepolitiske debatter vært snakket mer om familiens enhet og verdien av ensartet navnebruk. [...] Dette felles slektsnavn må, av identifikasjonshensyn, være en av ektefellenes, og mannens peker seg her ut fordi dette har *tradisjon* for seg. <sup>81</sup>

No hadde denne forma for argumentasjon, rådande sidan 1920-talet, mista legitimitet. Arbeidsgruppa viste til at det var ganske få gifte kvinner som nytta oppvekstnamnet. Likevel var det sannsynleg at fleire kvinner ønskte å halde på oppvekstnamnet fordi det «koster alltid noe å bryte en tradisjon». <sup>82</sup> Medan diskusjonane tidlegare kunne delast inn etter kvinner, barn, og på 1960-talet også menn, vart oppdraget no å gjere lova kjønnsnøytral. Etternamna hadde dei siste tiåra gradvis gått frå å symbolisere framhald av slektsliner, til også å symbolisere kjernefamilien som eining. I dette låg ein kime til å tenke på etternamnet som separat frå mannslinja. <sup>83</sup> Diskusjonane handla difor om namnebruk i ekteskapet og etternamnet til barna.

77. Stortingsforhandlinger 1964a: 394.

78. Nerdrum 1986: 14.

79. Fisknes, Løkkeberg & Stabel 1976: 10.

80. Arbeidsgruppa var sett saman av konsulentane Ole Herman Fisknes, Oddvar Løkkeberg og Ingse Stabel.

81. Fisknes, Løkkeberg & Stabel 1976: 17, kursiv i original.

82. Ibid.: 19.

83. Jamfør Barlaug 1977; Brock-Utne 1976; Stannard 1977.

Mange av dei prinsipielle standpunkta som Gaarder-utvalet kom med i forkant av 1964-lova, gjorde arbeidsgruppa no til lovendringsforslag. Det meste var altså framhald av tidlegare arbeid kombinert med over ti års utvikling av idear om likestilling. Arbeidsgruppa hadde eit ønske om at namnelova kunne føre til meir bevisstgjerjing rundt namneendringa. Om kvinner heldt på oppvekstnamnet, kunne det føre til ei positiv endring av kvinna si stilling i samfunnet. Vidare var namneendring i seg sjølv til ulempe, for samfunnet ved at det vart vanskelegare å følgje same person over tid, og for individet ved at namnet kunne vere sterkt knytt til identitet og karriere.<sup>84</sup> Som hovudregel foreslo arbeidsgruppa at paret skulle halde på namna, og elles velje fritt mellom dei to. Dei nemnde også sambuarar, men kom til at dette var for radikalt ettersom det berre få år før var ulovleg å bu saman utan å vere gift.<sup>85</sup> Personar i samkjønna forhold vart ikkje nemnd.

I den politiske handsaminga av lovforslaget argumenterte fleire mot ein hovudregel om inga endring. I Justiskomiteen si innstilling kjem det fram at fleirtalet i komiteen<sup>86</sup> meinte at ulike etternamn for ektefellar braut for mykje med «hevdvunnen navnetradisjon i vårt land», og la vekt på å «understreke og bekrefte familiefellesskapet gjennom et felles slektsnavn for både foreldre og barn».<sup>87</sup> Likestillingsideal gjorde det vanskeleg å argumentere mot at kvinner skulle kunne halde på oppvekstnamnet.

Eit argument mot at menn skulle kunne endre etternamn, var at det greip inn i namnevernet. Juristen Anne Barlaug frå Universitetet i Oslo kommenterte dette siste argumentet i ein gjennomgang frå 1977 av forslaget til arbeidsgruppa: «Begrunnelsen må i beste fall kunne betegnes som pussig og inkonsekvent, da kvinners erverv av beskyttede slektsnavn gjennom ekteskap aldri er blitt møtt med hensynet til navnevernet.»<sup>88</sup> Gjennomgangen vart gitt ut som ein artikkel i serien *Kvinnerettslige studier* ved Universitetet i Oslo. Dette bekrefta, ifølgje Barlaug, at kvinna sin sosiale status vart bestemt av mannen ho var gift med, medan mannen sin var bestemt av opphavsfamilien og arbeidet hans.<sup>89</sup> Slik kunne menn sine manglande høve til å ta kona sitt etternamn sjåast som diskriminering av menn, men var også diskriminering av kvinner, meinte ho.<sup>90</sup>

Det var vanskeleg å sjå føre seg at eit felles etternamn kunne komme frå kvinna. Ein hovudregel om felles etternamn i ekteskapet kunne tolkast som å opne for at menn i større grad skulle byte til kona sitt etternamn, fordi regelen ikkje lenger kunne skilje mellom kjønn. Ein hovudregel om at ingen endra namnet med mindre dei meldte frå, kunne tolkast som at kvinner i større grad kunne halde på oppvekstnamnet. Då var det siste å føretrekke, og slik vart kvinner også inkludert i det som hadde blitt idealet for menn, nemleg å ha same namn gjennom livet. Namnelova vart no kjønnsnøytral. Menn og kvinner kunne velje eitt av oppvekstnamna, eller halde på namna som dei var.

I tillegg til likestilling av menn og kvinner ville arbeidsgruppa likestille barn fødd i og utanfor ekteskap i namnelova.<sup>91</sup> Dei foreslo at alle barn skulle få etternamnet til mora om ikkje anna vart meldt innan seks månader. Samstundes ville det ofte vere etternamnet til faren sidan kvinner gjerne bytte i ekteskap.<sup>92</sup> Forslaget var omstridd. Kvinnesaksorganisa-

84. Ibid.: 31.

85. Fisknes, Løkkeberg & Stabel 1976: 41-42.

86. Partitilhørse for desse medlemmane blir ikkje lagt vekt på i innstillinga.

87. Justiskomiteén 1978–1979: 2.

88. Barlaug 1977: 3.

89. Ibid.: 4.

90. Ibid.: 7.

91. Fisknes, Løkkeberg & Stabel 1976: 7.

92. Ibid.: 65.

sjonane som uttala seg, var positive, til liks med eit medlem av sentralstyret til Den norske presteforening og Fylkesmannen i Aust-Agder. Dette var grunna i likestillingsomsyn mellom kjønna, men i særleg grad omsyn til likestilling av barn fødd i og utanfor ekteskap. Fylkesmannen i Østfold, fleire biskopar og fleirtalet i sentralstyret til Den norske presteforening, fleire andre kristne trussamfunn og ein del av Norsk Slektshistorisk Forening, var negative. Biskopen i Bjørgvin meinte: «Vil ein av omsyn til likestillingsprinsippet bort frå ein patriarkalsk namneskikk, treng ein ikkje difor å enda i matriarkatet.»<sup>93</sup> Likestillinga kunne altså gå for langt. Forslaget til biskopen og andre var at hovudregelen skulle vere at foreldra skulle velje sjølve, alternativt at faren sitt etternamn skulle nyttast som hovudregel. Trass usemja vart det fleirtal for forslaget om bruken av mora sitt etternamn sidan dette trass alt vart oppfatta som betre for likestilling mellom kjønna og for barn i og utanfor ekteskap.<sup>94</sup>

### Likestilt, men ikkje likestilt nok. Arbeidet med 2003-lova

Sommaren 1999 kom stortingsrepresentantane Karita Bekkemellem Orheim og Ane Sofie Tømmerås (Arbeiderpartiet) med forslag om å endre namnelova på ny. Orheim og Tømmerås grunn gav forslaget med behovet for å kunne bruke meir enn eitt etternamn i kjernefamilien. Kvinna sitt oppvekstnamn vart ofte mellomnamn, og forsvann gjerne på sikt. Ei ny regjeringsoppnemnd arbeidsgruppe kom med forslag i desember 2000.<sup>95</sup> Oppgåva til arbeidsgruppa vart å liberalisere namnelova i tråd med eit ideal om valfridom. I tillegg skulle ho tilpassast ikkje-norske namneskikkar.

Bruken av to etternamn knytte saman med bindestrek hadde no tverrpolitisk tilslutning.<sup>96</sup> Høvet til å ta partnaren sitt oppvekstnamn som mellomnamn vart diskutert på 1970-talet, men kom no med. Slik kunne ein halde på oppvekstnamnet som etternamn og likevel ha namnefellesskap med partner og barn gjennom delt mellomnamn eller ved hjelp av bindestreken. Også sambuarar, både likekjønna og tokjønna par, kunne ta partnaren sitt etternamn. Slik vart den stadig vanlegare forma for samliv gjort likare ekteskapet. Likestillingsomgrepet gjaldt i lova både seksualitet, samlivsform og etnisitet, slik at fleire kunne endre namn, og fleire namnevalspraksisar kunne følgjast.

Der dei tidlegare namnelovene hadde hatt kontroll og einsretting av namnebruk på enkelindividida som føremål, var tanken no å opne for ei mindre styrt utvikling. Med folkeregister og digital handsaming av personnummer har ikkje lenger namnet same funksjon for kontroll som tidlegare, utan at dette var sentralt i diskusjonane. Nokre innvendingar kom likevel. Til dømes meinte Norsk Slektshistorisk Forening at ein i staden burde bruke namnelovene til å styrke norsk namnetradisjon,<sup>97</sup> men det var få slike stemmer i debatten. Utanom kor grensa skulle gå for talet på berarar eit etternamn kunne ha for å gjere det fritt (det gjekk frå 500 til 200 berarar), var forslaga lite omstridde. Alle vart godkjende. Med dette fekk Noreg kanskje ei av dei mest progressive namnelovene i verda, som opna for eit stort utval av namnepraksisar uavhengig av kjønn og etnisitet. Dei andre nordiske landa kom hakk i hæl.<sup>98</sup> Namnelover i ein del av dei europeiske landa med liknande skikkar ligg nok enno noko bak

93. Justis- og politidepartementet 1978–1979: 15.

94. Justiskomiteén 1978–1979: 3f.

95. NOU 2001: 1. Medlemmane i arbeidsgruppa var Yngve Svendsen, María José Escobar, Stephan Mo, Kristin Os, Merethe H. Grinde, Ivar Utne og Pam Farmakis.

96. Justis- og politidepartementet 2001–2002: 14.

97. Ibid.: 15.

98. Danmark fekk si gjeldande lov i 2005. Sverige si nyaste lov kom i 2017, Finland fekk si i 2019.

når det gjeld valfridom, ikkje minst knytt til likestilling mellom kjønna, blant samlivsformer og mellom namneskikkar frå ulike etniske grupper.<sup>99</sup> Samstundes kan det leggast til at praksisar gjerne er mindre likestilte på gruppenivå enn lovene legg opp til, også i Noreg.

## Konklusjon

Namnelova og diskusjonane i lovarbeida viser til eit sinnrikt system for statleg kontroll. Til dømes organiserte namnelovene frå 1923 og heilt fram til 1980 korleis etternamn kunne takast og gjevast, basert på oppfatningar av kjønn. Lovverk kan slik vere med på å festne eksisterande praksisar, samstundes som det over tid kan endre praksisar.

Innføringa og reguleringa av faste etternamn vart gjort av to hovudårsaker. Det eine var å beskytte etternamn som allereie var i bruk. Det andre var å sikre at enkeltpersonar gjekk under same namnet i alle situasjonar gjennom livet. Som bakteppe låg idear om kva som skulle til for å vere eit moderne samfunn. Då var det praksisar frå andre land som dei øvre klassene i samfunnet hadde tatt til seg, som vart rådande. Parallelt i løpet av 1900-talet skjedde liknande diskusjonar i Danmark, Sverige og Finland, og namnelovene i desse landa har følgd kvarandre i stor grad. Dei norske namnelovene vart vidare tilpassa endringar i andre lover, så som ekteskapslovgjevinga på 1940-talet og likestillingslova på 1970-talet.

Kjernefamilien skulle frå byrjinga ha mannen som senter, og difor nytte namnet hans. Kvinner mista retten til å halde fram med å bere oppvekstnamnet i ekteskap, og slik vart banda til opphavsfamilien hennar svekka på same tid som kvinner også fekk fleire andre formelle og juridiske rettigheter. Trass nye rettar låg synet på tilhøvet mellom kvinner og menn som grunnleggande hierarkisk til grunn. Gjennom heile 1900-talet var det eit skilje mellom høgre- og venstresida i politikken, slik at politikarar tilhøyrande parti frå venstresida argumenterte for større valfridom, også for kvinner, medan politikarar frå borgarlege parti argumenterte for å halde på ein viss orden. Tilsvarende arbeidde kvinneforeiningar for at kvinner skulle få halde på oppvekstnamnet og føre det vidare til barna, medan representantar for kyrkja og frå juridisk hald heldt igjen og ønskte meir orden, og dermed mindre valfridom. Orden betydde her organisering av samfunnet gjennom at individa høyrde til kjernefamiliar med mannleg overhovud.

Retten for kvinner til å halde på oppvekstnamnet, og for menn til å ta kona sitt etternamn, var tema lenge før desse rettane vart lovfesta, like eins som med likestilling av barn fødde i og utanfor ekteskap. Også sambuarskap vart debattert før det til slutt vart inkludert i den nyaste namnelova. Her er derimot inkludering av par av same kjønn eit unntak. Høvet til namneendring i samkjønna parforhold vart ikkje diskutert før det vart inkludert i den nyaste namnelova i 2003. Generelt var tematikkane og argumentasjonen til arbeidsgruppene og utvala som greia ut om namnelovene, opnare og inkluderte ei større breidd av alternative handlemåtar og forståingar enn dei som vart lovfesta. Likevel har det vore skiftingar i kva som har blitt vektlagt. På 1920-talet var det generell politisk semje om at alle menn skulle ha same etternamn gjennom livet, at kjernefamilien skulle ha felles etternamn, og at kvinner skulle byte. Usemjene låg heller i kva som skulle til for at ein mann skulle ha rett til visse etternamn. Utover på 1900-talet endra haldningane og behova seg. No vart det debatt knytt til spørsmål om oppvekstnamnet til kvinner, brukt på gifte kvinner, barna, og på 1960-talet også på menn. På 1970-talet var prinsippa om likestilling mellom menn og kvinner lovfesta.

99. Feschet 2009; Utne 2000.

Eit av dei viktige spørsmåla som vart debattert då, var om felles namn på kjernefamilien skulle lovfestast eller ikkje.

I diskusjonane rundt den siste namnelova var det ikkje lenger spørsmål om menn og kvinner sin rett til å velje kvarandre sine oppvekstnamn. Likestilling vart sett som premiss, og inkluderte kjønn, seksualitet og etnisitet. No gjaldt diskusjonane i staden kor grensa skulle gå for kva etternamn som kunne veljast, og kor mange som skulle ha etternamnet før det vart av dei vanlege, og dermed frigitt for alle. Slik sett kan ein kanskje seie at sirkelen er slutta frå arbeidet med den fyrste namnelova, der namnevernet var i fokus.

## Litteratur

- Adams, M., & Coltrane, S. (2005). Boys and Men in Families. The Domestic Production of Gender, Power, and Privilege. I M.S. Kimmel, J. Hearn & R.W. Connel (red.), *Handbook of Studies on Men & Masculinities* (s. 230–248). Thousand Oaks: SAGE.
- Alford, R. (1988). *Naming and Identity – a Cross-Cultural Study of Personal Naming Practices*. New Haven: Hraf Press.
- Barlaug, A. (1977) *Kvinner og navnelov*. Kvinnerettslige studier. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Bauman, Z. (1998). Tradition in the Post-Traditional World. *Kulturstudier*, 1, 13–25.
- Brock-Utne, B. (1976). Navnepraksis, navnelov og kjønnsroller. *Kvinnens årbok*, 3, 143–149.
- Brylla, E. (1998). Svenskt tillnamnskick i kvinnoperspektiv. *KVHAA Konferenser*, 42, 229–244.
- Brylla, E. (2007). Nildin-Wall – Namn med bindestrek? I M. Hugoson (red.), *Bodil Lajv. Festskrift til Bodil Nildin-Wall den 18 januari 2007* (s. 18–22). Uppsala: Universitetstryckeriet.
- Brylla, E. (2010). Birgit Falck-Kjällquist – får hon heta så? I M. Löfdahl, F. Skott & L. Wenner (red.), *Från sjö till hav* (s. 17–21). Göteborg: Institut för språk och folkminnen.
- Danielsen, H. (2002). *Husmorhistorier. Norske husmødre om menn, barn og arbeid*. Oslo: Spartacus.
- Danielsen, H., Larsen, E., & Owesen, I.W. (2013). *Norsk likestillingshistorie 1814–2013*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Entzenberg, S. (2005). Släktnamnens sociala signifikans – gifta kvinnors val av släktnamn i modern tid. I S. Nyström (red.), *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15-18 augusti 2003* (s. 119–132). Uppsala: NORNA-förlaget.
- Entzenberg, S. (2006). «Det får ju vara någon ordning på torpet!» *Svenske personnamnsregler i ett historiskt perspektiv*. Uppsala: Språk- och folkminnesinstitutet småskrifter 2.
- Feschet, V. (2009). The Surname in Western Europe. Liberty, Equality and Paternity in Legal Systems in the Twenty-First Century. *L'Homme. Z.F.G.*, 20(1). 63–73. <https://doi.org/10.7767/lhomme.2009.20.1.63>
- Fisknes, O.H., Løkkeberg, O., & Stabel, I. (1976). *Utredning fra arbeidsgruppen til å vurdere endringer i navneloven*. Oslo: Justisdepartementet.
- Grønstad, L. (2020). *Fellesskap og individualitet. Kjønn etternamnsval blant norske menn i heterofile parforhold* (doktorgradsavhandling). Universitetet i Bergen. <https://hdl.handle.net/11250/2711989>
- Gaarder, K., Sverdrup-Thygeson, G., Nilsen, G., Ramndal, L., & Selmer, E.S. (1960). Utkast til lov om personnavn: innstilling. *Innstillinger og betenkninger fra kongelige og parlamentariske kommisjoner, departementale komitéer m.m.*
- Hagemann, G., Melby, K., Roll-Hansen, H., & Øye, I. (2020). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Hagström, C. (1999). *Man blir pappa. Föräldraskap och maskulinitet i förändring*. Lund: Nordic academic press.



- Hamilton, L., Geist, C., & Powell, B. (2011). Marital Name Change as a Window into Gender Attitudes. *Gender & Society*, 25(2), 145–175. <https://doi.org/10.1177/0891243211398653>
- Hanks, P. (2003). *Dictionary of American Family Names*. Oxford: Oxford University Press.
- Heffermehl, K.B. (1968). Norsk praksis og avgjørelser i navnesaker. *NIR Nordiskt immateriellt rättsskydd*, 3, 276–288.
- Haavet, I.E., & Wærness, K. (2015). Innledning. Temanummer: Castbergske barnelover 100 år. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 18(4), 246–248.
- Justis- og Politidepartementet. (1922a). *Innstilling fra justiskomiteen om utferdigelse av lov om personnavn* (Innst.O.VIII). Christiania.
- Justis- og Politidepartementet. (1922b). *Om utferdigelse av en lov om personnavn* (Prop. 12 1922). Christiania.
- Justis- og politidepartementet. (1949). *Om endringer i ekteskapslovgivningen* (Prop. 32 1949). Oslo.
- Justis- og politidepartementet. (1962–1963). *Om lov om personnavn* (Prop. 24 1962-1963). Oslo.
- Justis- og politidepartementet. (1978–1979). *Om lov om endringer i lov 29. mai 1964 nr 1 om personnavn* (Prop. 43). Oslo.
- Justis- og politidepartementet. (2001–2002). *Om lov om personnavn (navneloven)* (Prop. 31 2001–2002). Oslo.
- Justiskomiteén. (1978–1979). *Innstilling fra justiskomiteén om lov om endringer i lov av 29. mai 1964 nr. 1 om personnavn* (Prop. 43) (Innst.O. nr. 89). Oslo.
- Komter, A. (1989). Hidden Power in Marriage. *Gender & Society*, 3(2), 187–216. <https://doi.org/10.1177/089124389003002003>
- Lebell, S. (1988). *Naming Ourselves, Naming Our Children: Resolving the Last Name Dilemma*. Freedom: The Crossing Press.
- Melby, K., Pylkkänen, A., Rosenbeck, B., & Wetterberg, C.C. (2006). *Inte ett ord om kärlek. Äktenskap och politik i Norden ca 1850-1930*. Lund: Makadam förlag.
- Miller, C., & Swift, K. (1977). *Words and Women*. London: Victor Gollancz.
- Nagel, A.-H. (2015). Barn født utenfor lovlig ekteskap. Et langtidsperspektiv på barnelovene av 1915. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 18(4), 249–267.
- Nedrelid, G. (2002). Framvoksteren av norske slektsnamn. I K. Sprauten (red.), *Å kallast med sitt rette namn: Person- og stadnamn i lokalhistoria* (s. 115–137). Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt.
- Nerdrum, G. (1986). Norsk navnerett fram til 1964. I A.H. Austbø (red.), *Navneloven med kommentarer* (s. 9–14). Oslo: Universitetsforlaget.
- NOU 2001: 1. (2001). *Lov om personnavn – Tradisjon, liberalisering og forenkling*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet.
- Phillips, A. (2004). Defending Equality of Outcome. *Journal of Political Philosophy*, 12(1), 1–19. <https://doi.org/10.1111/j.1467-9760.2004.00188.x>
- Ramndal, L. (1956). Framlegg til lov om endring i lov frå 9. februar 1923 om personnavn. *Dokument nr. 5. Private lovforslag (lovteksten) framsatt for Odelstinget 1956*. Oslo.
- Resvoll, T. (1923). Navneloven. Skrivelse til Stortingets justiskomiteé. *Nylænde*, 37, 40–42.
- Ryman, L. (2007). Surnames as Expressions of Social Identity. I E. Brylla, M. Wahlberg & R. Rentenaar (red.), *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences (nr. 3). Uppsala 19-24 August, 2002* (s. 357–362). Uppsala: Institutet för språk och folkminnen.
- Stannard, U. (1977). *Mrs. Man*. San Francisco: Germain Books.
- Stortingsforhandlinger. (1923). *Del 8. Odelstingstidende*. 97–119. Oslo.
- Stortingsforhandlinger. (1964a). *Del 8. Odelstingstidende*. 390–431. Oslo.
- Stortingsforhandlinger. (1964b). *Del 8. Lagtingstidende*. 105–116. Oslo.
- Thomle, C.S. (1931). *Norsk navneret. En fremstilling av de hovedregler som gjelder om personnavne i norsk ret*. Oslo: Cammermeyers boghandel.

- Thørnblad, R. (2003). *Tradisjonell praksis i moderne samfunn – en analyse av kvinners navnebytte ved ekteskapsinngåelse* (hovudoppgåve i sosiologi). Universitetet i Tromsø.
- Utne, I. (2000). Mellom- og etternavn i andre land. *Nytt om namn*, 31, 24–33.
- Utne, I. (2001). Utviklinga av slektsnavn i Norge, med særlig vekt på sen-navn. *Genealogen*, 15(2), 13–26.
- Utne, I. (2002). Gifte kvinners etternavn, slektsnavn og mellomnavn. *Genealogen*, 16(2), 5–19.
- Utne, I. (2003a). Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv. *Namn og nemne*, 20/21, 95–128.
- Utne, I. (2003b). Etternavn og mellomnavn med familietradisjon. *Nytt om namn*, 37, 18–23.
- Wilson, S. (1998). *The Means of Naming: A Social and Cultural History of Personal Naming in Western Europe*. London: Taylor and Francis.